

## UNIVERSITETET I BERGEN

Det matematisk-naturvitenskapelige fakultet

---

Arkivkode:

Saksnr.: 2017/3682

---

---

Fakultetsstyresak: **1**

Møte: 7. februar 2018

---

---

### REKNESKAP FOR 2017 OG OVERFØRING TIL 2018

---

#### HENVISNING TIL BAKGRUNNSDOKUMENT

Rekneskapsrapportar framlagt for fakultetsstyret i 2017.

#### SAKSFRAMSTILLING

Fakultetet overførte 12,3 millionar kroner frå 2016. Samtidig overførte vi forplikningar knytt til eigenandelar inn mot store BOA-prosjekt, utstyrsinvesteringar og andre øymerka tiltak i 2017 på rundt 40 millionar kroner. Vi har hatt eit positivt driftsresultat i 2017 på 23,5 mill.kr og har 35,8 mill.kr i ubrukte midlar ved årsslutt.

Den store overføringa skuldast utelukkande øymerka tildelingar som ikkje er nytta, og frå 2017 overfører vi forplikningar på 45,3 mill.kr knytt til eigenandelar inn mot store BOA-prosjekt, utstyrsinvesteringar og andre øymerka tiltak. Fakultetet har hatt auke i inntektene frå BOA, som overhead, frikjøp og leigestadsinntekter i høve til 2016, og vi har fått fleire nye studieplassar som betrar økonomien særskilt innan IKT-miljøet. Vi har likevel forplikningar som overgår overføringa, så det er avgrensa handlingsrom på frie midlar.

Universitetsstyret har vedtatt at fakulteta fritt kan overføre inntil 3 % av grunntildelinga, og utover dette må vi søkje om å få overføre midlar. Fakultetet har 35,8 mill.kr i ubrukte midlar, noko som utgjer 5,4 % av grunntildelinga. Med grunnjevna i forplikningane vi overfører til 2018 har vi sendt søknad til Økonomiavdelinga om å få overføre heile overføringa til 2018.

Bidrags- og oppdragsaktiviteten ved fakultetet har i 2017 vore på 408,9 millionar kroner, med innbetalingar på 412,8 millionar kroner. Overføringane på BOA er dermed auka med rundt 4 mill.kr, og vi overfører nesten 70 mill.kr i denne delen av verksemda.

Fakultetet har i store deler av 2017 hatt ein prognose om å overføre 13,0 mill.kr til 2018 på grunnbudsjettet. Både overføringa av midlar og forplikningar til 2018 vart atskillig høgare enn planlagt.

#### DEKANEN SINE KOMMENTARAR

Det er fleire sider ved den store overføringa fakultetet ynskjer å jobbe med:

1. Stor forseinking i bruk av særskilt toppfinansiering og eigenandelar BOA. Overføring i denne storleiken er høgare enn vi ynskjer. Fakultetet ynskjer å sjå på, saman med instituttleiarane og Økonomiavdelinga, korleis vi kan budsjettere meir offensivt for å unngå så store avvik mellom tildelingar og forbruk.
2. Det er store forskjellar i institutta sine overføringsbehov. Fire av institutta har eit samla overføringsbehov på over 45 mill.kr, medan dei andre institutta har små overføringar eller underskot. Dette er noko vi må sjå meir på framover. Fakultetet felles overfører underskot på rundt 5 mill.kr.

3. Fakultetet vil saman med instituttleiingane arbeide aktivt for å byggje ned dei store overføringane og skape aktivitet for midlane innan budsjettåret. Manglande gjennomføring av planar for nedbygging av overføringane, kan føre til at institutta ikkje får midlane overført.
4. Betre kvalitet i prognosane vi leverer utover året. Pga. omorganiseringa av økonomitenestene (sjå nedanfor) har fakultetet prioritert drift og prosjektøkonomi, men etter kvart som ny organisering no set seg vil prognosane prioriterast høgare.

MN-fakultetet sentraliserte økonomitenestene frå 1. september 2017. Eit av momenta i den nye organiseringa er ei dreining frå økonomimedarbeidarar som er generalister og som kjenner dei fleste økonomiprosessane innan eitt institutt, til økonomimedarbeidarar som er meir spesialisert innan eitt av tre hovudområder; totaløkonomi, prosjektøkonomi eller driftsøkonomi. Med denne organiseringa forventar vi at den samla økonomikompentansen på fakultetet på sikt vert styrka, at tenestene vert betre, at vi vert mindre sårbare og at vi kan vere i front ved innføring av nye økonomisystem og rutinar.

Pr. i dag er vi på eit stadium av omstillinga der vi avdekkjer utviklingsområder, og legg planar for utvikling av desse. Vi ser allereie gode effektar av omstillinga innan nokre av områda, men det er òg klare områder for forbetring.

I haust har vi hatt eit særskilt fokus på drifts- og prosjektøkonomien, medan arbeid med totaløkonomi, inkl. prognosar og rapportering har hatt noko mindre merksemd. Utvikling av betre rutinar for samhandling mellom drift- prosjekt- og totaløkonomi som grunnlag for god økonomistyring for institutt- og fakultetsleiing vil vi jobbe vidare med utover våren.

Dekanen legg med dette *Rekneskap for 2017 og overføring til 2018* fram for fakultetsstyret og fremmar følgjande forslag til vedtak:

#### VEDTAK

1. Styret vedtek å godkjenne rekneskapen for 2017
2. Styret vedtek overføring av over- og underskot frå 2017 til 2018 i samsvar med følgjande tabell, under føresetnad om at universitetsstyret ikkje avkortar fakultetet si overføring:

Avdeling	Overføring frå 2017 til 2018
1200 MN-felles, inkl. fak.adm. og NIFES	4 912
1211 Matematisk institutt	-1 080
1212 Institutt for informatikk inkl. CBU	-11 229
1224 Institutt for fysikk og teknologi	-16 519
1231 Kjemisk institutt	376
1232 Molekylærbiologisk institutt	5 836
1244 Geofysisk institutt inkl. Bjerknes-UiB	-7 290
1250 Institutt for geovitenskap	-766
1260 Institutt for biologi	-10 238
1280 Senter for geobiologi	2
1290 Senter for klimadynamikk	158
	<b>-35 838</b>

*Inntekt med minus framfor beløpet*

Helge K. Dahle  
dekan

31. januar 2018/RIGE/TRILI/EML


Vedlegg: Rekneskap for 2017 og overføring til 2018

# Økonomirapport for 2017


## Det matematisk-naturvitenskapelige fakultet

### 1. Totaløkonomien ved fakultetet

Figur 1 Utvikling GB og BOA 2011-2017




Figur 2 Utvikling BOA 2011-2017



Figur 1 viser samla utvikling i inntekter til fakultetet i perioden 2012-2017, medan figur 2 viser utvikling i inntekter på BOA per finansieringskjelde. Inntektene på GB har i snitt auka med 4,5 % per år i perioden 2012-2017, medan inntektene på BOA har hatt gjennomsnittleg auke på 3,5 % i same periode. Merk at det ikkje er tatt omsyn til inflasjon i utrekning av prosentvis vekt, og at realveksten altså er noko lågare. Bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet var i 2017 høgare enn tidlegare år. Medan det har vore aktivitetsvekst ved annan bidragsaktivitet og EU-bidragsaktivitet, har det vore ein liten nedgang i NFR-bidragsaktivitet og oppdragsaktivitet. Totalt har BOA auka med 5,3 % i høve til 2016.

I 2017 kom 38,1 % av inntektene til fakultetet frå BOA, mot 38,3 % i 2016.

Figur 3 Prosentvis fordeling kostnader GB og BOA per institutt 2017



Figur 3 viser korleis kostnadane fordeler seg på GB og BOA per institutt. For dei fleste institutta var hovudvekta av aktiviteten finansiert av GB, medan ved Geofysisk institutt og Institutt for geovitenskap var over 50 % av aktiviteten finansiert av BOA.

## 2. Grunntildeling (GB)

Tabell 1 Grunntildeling (motpart 00) 2017 (tal i 1000 kr)

Grunnbevilgning (mill.kr)	Prognose 2017	Årsbudsjett 2017	Rekneskap 2017	Avvik 2017	Avvik %	Rekneskap 2016	Endring frå 2016
Inntekter frå KD		-645 598	-646 398	800	0,1 %	-610 494	5,9 %
Andre inntekter		-15 000	-16 499	1 499	10,0 %	-15 548	6,1 %
<b>Inntekter</b>		<b>-660 598</b>	<b>-662 897</b>	<b>2 299</b>	<b>0,3 %</b>	<b>-626 041</b>	<b>5,9 %</b>
Investeringar		19 662	23 598	-3 936	-20,0 %	16 493	43,1 %
Lønskostnadar		491 874	488 590	3 284	0,7 %	483 704	1,0 %
Andre driftskostnadar		130 188	114 156	16 032	12,3 %	102 675	11,2 %
Internhandel med meir		26 193	13 036	13 157	50,2 %	20 404	-36,1 %
<b>Kostnadar</b>		<b>667 917</b>	<b>639 380</b>	<b>28 537</b>	<b>4,3 %</b>	<b>623 276</b>	<b>2,6 %</b>
<b>Driftsresultat</b>		<b>7 319</b>	<b>-23 517</b>	<b>30 836</b>		<b>-2 765</b>	
Saldo overført frå forrige år		-12 319	-12 321	2		-9 556	
Saldo overført til neste periode	<b>13 000</b>	5 000	35 838	-30 838		12 321	
<b>Sum</b>		<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>		<b>0</b>	

På inntektene har fakultetet eit positivt avvik på 2,3 mill.kr. Av dette er 0,8 mill.kr avvik på inntekt frå KD via samarbeidspartnerar knytt til Nasjonalt marint universitetskonsortium (NMU), medan resten er knytt til noko høgare instituttinntekter ved institutta enn budsjettert.

Fakultetet har hatt høgare investeringar enn budsjettert i 2017. Budsjettavviket her må sjåast i samanheng med positivt avvik på andre driftskostnadar. Investeringane på GB har vore 43,1 % høgare enn i 2016.


På lønskostnadar har fakultetet hatt positivt avvik på 3,3 mill.kr. Dette avviket er på rekrutteringsprosjektet (stipendiat- og postdoktorstillingar) og skuldast delvis refusjon av foreldre- og sjukepeng og delvis lågare lønskostnadar grunna færre tilsette rekrutteringsstillingar enn budsjettert. Samla har det vore auke i lønskostnadane på 1 %.

På andre driftskostnadar er det positivt avvik på 16 mill.kr. Dette fordeler seg med positive og negative avvik mellom institutta. Andre driftskostnadar har auka med 11,2 % i høve til 2016.

Avviket på 13,2 mill.kr på internhandel skuldast mellom anna høgare overhead, frikjøp og leigestadsinntekter enn budsjettert, og 24,4 mill.kr (26,7 %) høgare enn i 2016. I tillegg har godskrevet eigenfinansiering vore høgare enn budsjettert, medan belasta eigenfinansiering har vore lågare enn budsjettert. Deler av avviket på internartane kjem òg av for mykje utbetalt toppfinansiering på eit ERC-prosjekt og at fakultetet ikkje lenger skal overføre lønsmidlar for ein forskingsrådgjevar til Forskingsadministrativ avdeling. Kostnadane ved internhandel er redusert med 36 % i høve til 2016.


Figur 4 viser budsjetterte og rekneskapsførte kostnadar på GB per måned for fakultetet sett under eitt. Som figuren viser har rekneskapen i 2017 i relativt stor grad følgd same mønster som budsjettert, men med nokon svingingar. Sær i mars og september har rekneskapen vore lågare enn budsjettert, medan i november og desember har rekneskapen vore høgare enn budsjettert.

Figur 4 Budsjett og rekneskap per måned 2017 (tal i 1000 kr)



Figur 5 viser talet på faktiske stipendiat- og postdoktorårsverk i 2017, samanlikna med årets tildeling per institutt. Som figuren viser hadde somme av institutta lediggang i rekrutteringsstillingar, medan andre hadde fleire årsverk enn dei fekk inntekter for. Samla sett har fakultetet hatt tilsett ca. eit halvt årsverk mindre enn måltall.

Figur 5 Rekrutteringsstillingar GB, faktiske årsverk og tildeling 2017



Avskrivningane er det rekneskapsmessige verdifallet på UiB sine eigedelar, og over tid bør UiB som eit minimum oppretthalde verdien på utstyrsparken. I 2017 har investeringane vore høgare enn avskrivningane. Medan avskrivningane har vore 36,3 mill.kr, har investeringane har vore 47 mill.kr. Investeringane fordeler seg med 23,6 mill.kr i grunnbudsjettet og 23,4 mill.kr i BOA. Investeringane i både GB og BOA fordeler seg mellom institutta, men dei største investeringane i 2017 er gjort ved Kjemisk institutt og Institutt for geovitenskap.

## 2.1 Overføring av midlar til 2018

I utgangspunktet budsjetterte fakultetet med å gå i balanse i 2017 og ikkje overføre noko til 2018. Vi la likevel inn budsjettmål på å overføre 5 mill.kr til 2018. I mai oppjusterte vi prognosen til 13 mill.kr, då vi mellom anna hadde fått nye studieplassar.

Ved årsslutt hadde fakultetet 35,8 mill.kr i ubrukte midlar. Dette utgjør 5,4 % av grunntildelinga. Nokre moment som påverka resultatet mot slutten av året var:

- Tildeling av 6 rekrutteringsstillingar i slutten av oktober med verknad frå juli. Desse fekk vi ikkje tilsett i 2017 og medfører overføring på ca. 2,7 mill.kr.
- Vi hadde venta reduksjon på i underkant av 0,5 mill.kr på rekrutteringsprosjektet då vi låg like under måltall.
- Dobbelt utbetaling av toppfinansiering på ERC-prosjekt utgjør ca. 0,8 mill.kr.
- Fakultetet skal ikkje lenger betale for forskingsrådgjevar ved Forskingsadministrativ avdeling og dette utgjør ca. 0,7 mill.kr.
- På tampen av året fakturerte vi leigestadsinntekter frå partnerar på ca. 1,2 mill.kr.
- Manglande faktura frå UiO for drift av forskingsstasjonen på Finse utgjør ca. 0,3 mill.kr.
- Utstyr som var forventa å bli betalt i 2017 kjem ikkje før i 2018.
- I tillegg er det ført ein del interne inntekter frå BOA til GB på slutten av året (nov/des)
  - o det er ført 2,3 mill.kr i manuell overhead
  - o 7,9 mill.kr i frikjøp, ca. 1/3 av alt frikjøp i 2017
  - o 2,9 mill.kr i leigestadsinntekter, ca. 1/3 av leigestadsinntektene i 2017
  - o 0,8 mill.kr i avskrivningar av utstyr i BOA, ca. halvparten av det som er ført i 2017

Årsaka til den store overføringa skuldast utelukkande øyremerka tildelingar som ikkje er nytta. Tabell 2 gir oversikt over forpliktingar som fakultetet overfører til 2018.

Tabell 2 Forpliktingar 2018, lista er ikkje uttømmande (tal i 1000 kr)

Hovudtiltak	Institutt		Totalsum
Toppfinansiering ERC	II	2 277	
	IFT	5 021	
	GFI	1 266	
	GEO	3 809	<b>12 373</b>
Toppfinansiering SFF Birkelandsenteret	IFT	4 400	<b>4 400</b>
Toppfinansiering EU	GFI	1 575	<b>1 575</b>
Anna eigenfinansiering BOA	BIO	1 014	
	GEO	76	
	II	40	
	MI	300	<b>1 430</b>
Bioinformatikk (CBU)	II	5 320	<b>5 320</b>
bioCEED	BIO	7 405	<b>7 405</b>
Bergen Science City	MN-felles	1 067	<b>1 067</b>
Norsk marint universitetskonsortium (NMU)	MN-felles	727	<b>727</b>
Vitenskapeleg utstyr	IFT	1 744	
	KI	190	
	BIO	2 012	
	GFI	408	
	GEO	1 235	<b>5 589</b>
Likestillingstiltak	MI	229	
	II	75	
	IFT	68	
	KI	283	
	MBI	331	
	GFI	95	
	GEO	342	
	MN-felles	335	<b>1 758</b>
Internasjonalisering (SPIRE)	BIO	217	
	GFI	100	
	GEO	97	
	IFT	148	
	KI	38	<b>600</b>
Polarsatsing	GFI	131	<b>131</b>
Drift forskningsstasjon Finse	MN-felles	330	<b>330</b>
Enumath konferanse	MI	697	<b>697</b>
Etter- og videreutdanning	MI	577	<b>577</b>
Tilsettinger knyttet til nye studieplasser	II	830	
Studieplasser PPU og lektor	MN-felles	688	<b>1 518</b>
<b>Totalt</b>			<b>45 497</b>

Lista er ikkje uttømmande, då ein del forpliktingar med lågare beløp ikkje er tekne med.

Som det går fram av tabellen har fakultetet store overføringar knytt til mellom anna toppfinansiering ERC (12,4 mill.kr), bioCEED (7,4 mill.kr)<sup>1</sup>, vitskapeleg utstyr (5,6 mill.kr), bioinformatikk, CBU (5,3 mill.kr) og SFF (4,4 mill.kr). Samla har fakultetet forpliktingar på 45,5 mill.kr som vert overført til 2018.

Tabell 3 viser det totale overføringsbehovet ved fakultetet fordelt etter institutt, og i vedlegg vert overføringane spesifisert etter prosjekt. Som tabellen viser er det til dels store variasjonar i institutta sine akkumulerte overføringsbehov. Overskot er vist med minus framfor beløpet.

<sup>1</sup> I 2016 fekk vi dobbel tildeling til bioCEED, både frå Nokut (4 mill.kr) og frå KD (4 mill.kr). Dette vert avrekna ved slutten av senterperioden.

Tabell 3 Totalt overføringsbehov til 2018 (tal i 1000 kr)

Avdeling	Resultat 2017	Justeringer*	Overføring til 2018
1200 MN-felles	4 679	233	4 912
1201 Fakultetsadministrasjon	484	-484	0
1211 Matematisk institutt	-1 080		-1 080
1212 Institutt for informatikk	-11 229		-11 229
1224 Institutt for fysikk og teknologi	-16 519		-16 519
1231 Kjemisk institutt	376		376
1232 Molekylærbiologisk institutt	5 836		5 836
1244 Geofysisk institutt	-7 290		-7 290
1250 Institutt for geovitenskap	-766		-766
1260 Institutt for biologi	-10 238		-10 238
1280 Senter for geobiologi	2		2
1290 Senter for klimadynamikk	158		158
1292 Nifes	-251	251	0
<b>Totalt</b>	<b>-35 838</b>	<b>0</b>	<b>-35 838</b>

Inntekt med minus framfor beløpet

\* Saldo Fakultetsadministrasjon og NIFES overføres til MN-felles

Saldoar knytt til fakultetsadministrasjon og Nifes er overført til MN-felles. Frå 01.01.2018 er Molekylærbiologisk institutt og Institutt for biologi slått saman til Institutt for biovitenskap, summen av overføringane frå MBI og BIO vil bli overført til Institutt for biovitenskap.

Universitetsstyret skal handsame overføringa til fakulteta i møte 15.02.2018. Under føresetnad om at universitetsstyret ikkje avkortar fakultetet si overføring på 35,8 millionar kroner, foreslår dekan å overføre over- og underskot uavkorta til institutta.

## 2.2 Kommentaar til overføring per avdeling/institutt

Nedanfor fylgjer korte kommentaarar pr. institutt. Overføringar ved institutta må sjåast i samanheng med eventuelle forplikingar i tabell 2 over.

### MN-felles

Frå 2016 overførte MN-felles eit akkumulert underskot på 13,3 mill.kr, samt tidlegare års forplikingar på 4,3 mill.kr. I tillegg budsjetterte fakultetet med ein driftsunderskot for 2017 på 1,2 mill.kr. Oppsummert starta MN-felles med eit underskot på 18,8 mill.kr, som det var planlagt å gradvis redusere. Av fleire årsakar er dette underskotet i løpet av 2017 tydeleg redusert. Vi har mellom anna fått inntekter for 6 rekrutteringsstillingar frå 01.07.17 som vi ikkje har hatt lønsutgifter for, bygging av nytt læringssenteret har medført refusjon av internhusleige for Hangaren, fartøyskostnadane har vore lågare enn først venta og ordninga der MN har betalt for ein forskingsrådsgjevar ved Forskingsadministrativ avdeling vart avvikla i 2017.

Ved årsslutt enda MN-felles på eit underskot på 4,9 mill.kr. Samtidig har fakultetet forplikingar overført til 2018 på 7,8 mill.kr. Dei største forplikingane er knytt til fartøysdrifta, Science City Bergen, Norsk marin universitetskonsortium og studieplassar PPU og lektorutdanninga.

### Matematisk institutt (MI)

Instituttet hadde budsjettert med å gå tilnærma i balanse i 2017, men rekneskapet enda på rundt 1,1 mill.kr i overskot. I tillegg er det ein teknisk feil på eit BOA-prosjekt som gir utslag på grunnbudsjettet, slik at reelt overskot skulle vore om lag 2 mill.kr. Det største avviket skuldast ein konferanse (Enumath) som ikkje er gjort opp endå (0,7 mill.kr i overskot). I tillegg har instituttet fått øyremerkta tildelingar gjennom året, som vert overført til 2018. Ut over dette har året stort sett gått

som planlagt, med nokre forseinkingar i tilsetjingar slik at det òg er brukt noko mindre på løn enn budsjettert.

### **Institutt for informatikk (II)**

Institutt for informatikk overfører rundt 11,2 mill.kr til 2018. Overføringa er om lag på same nivå som overføringa frå 2016 til 2017. Ca. halvparten av overføringa er bunde opp til CBU. Resten er i stor grad bunde opp til mellom anna toppfinansiering ERC og tilsetjingar i samband med nye studieplassar.

### **Institutt for fysikk og teknologi (IFT)**

Institutt for fysikk og teknologi har eit overskot på nær 16,5 mill.kr i 2017. Mykje av midlane er bunde opp til eigenandelar og toppfinansiering. 9,4 mill.kr er knytt til SFF Birkelandsenteret, og det er planlagt at desse midlane skal nyttast frå 2018 og utover. Vidare overfører instituttet 1,7 mill.kr knytt til vitskapeleg utstyr, der 1,1 mill.kr er øyremerka eit EU-prosjekt som skal avsluttast. Resterende avvik skuldast i stor grad at det har vore forseinkingar i tilsetjingar og andre øyremerka midlar som er tildelt i 2017. På tampen av året vart det òg godskrevet frikjøp på rundt 1,6 mill.kr på eit ERC-prosjekt som skulle avsluttast.

### **Kjemisk institutt (KI)**

Instituttet rapporterer at dei har hatt en stram økonomi, noko som har ført til stram økonomistyring. Instituttet budsjetterte med eit akkumulert underskot på 1,6 mill.kr frå 2016. Dette underskotet er redusert til rundt 0,4 mill.kr i 2017.

### **Molekylærbiologisk institutt (MBI)**

Molekylærbiologisk institutt overfører eit underskot på 5,8 mill.kr. Av dette beløpet skuldast 3,2 mill.kr eit teknisk avvik i forhold til eit BOA-prosjekt. Dette vert tilbakeført i 2018. Reelt resultat er eit underskot på 2,7 mill.kr, mot 3,9 mill.kr i 2016. Instituttet overfører 0,3 mill.kr i forplikingar knytt til likestilling.

### **Geofysisk institutt (GFI)**

Geofysisk institutt har ei overføring på 7,3 mill.kr til 2018, mot 1 mill.kr året før. Dette skuldast dels forseinka bruk av toppfinansiering og dels uforutsette inntekter mot slutten av året. Ca. 3,8 mill.kr av overføringa er bunde hovudsakeleg til toppfinansiering ERC og andre EU-prosjekter.

### **Institutt for geovitskap (GEO)**

Instituttet har redusert underskotet frå 2016 på 2,8 mill.kr til eit overskot på 0,8 mill.kr. Samtidig har instituttet bundne øyremerka midlar på rundt 5,3 mill.kr. Instituttet har dermed ikkje noko stort fritt handlingsrom. Instituttet har ein struktur der kvar einskild lab fungerer som ein eigen leigestad, og nokre av desse har underskot. Klarer laboratoria å hente inn dei midlane dei har planar om, vil instituttet sin økonomiske situasjon klart betrast.

### **Institutt for biologi (BIO)**

Institutt for biologi overfører eit overskot på 10,2 mill.kr til 2018. Forplikingar som vert overført til 2018 er 10,6 mill.kr. Størsteparten av dette er knytt til SFU bioCEED, der instituttet i 2016 fekk dobbel tildeling av midlar, både frå Nokut og KD.



### 3. Bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet (BOA)

Tabell 4 Bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet 2017 (tal i 1000 kr)

Bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet	Prognose 2017	Årsbudsjett 2017	Rekneskap 2017	Avvik 2017	Avvik %	Rekneskap 2016	Endring frå 2016
<b>Tilskot/Innbetalningar</b>							
Norges forskingsråd	-240 000	-230 000	-236 087	6 087	2,6 %	-226 886	4,1 %
EU	-40 000	-40 000	-36 766	-3 234	-8,1 %	-49 749	-26,1 %
Andre bidrag	-105 000	-85 000	-132 305	47 305	55,7 %	-104 874	26,2 %
Oppdrag	-7 000	-5 000	-7 630	2 630	52,6 %	-4 919	
<b>Sum</b>	<b>-392 000</b>	<b>-360 000</b>	<b>-412 788</b>	<b>52 788</b>	<b>14,7 %</b>	<b>-386 428</b>	<b>6,8 %</b>
<b>Aktivitet/kostnader</b>							
Norges forskingsråd	230 000	230 000	225 013	4 987	-2,2 %	229 734	-2,1 %
EU	50 000	50 000	60 145	-10 145	20,3 %	49 546	21,4 %
Andre bidrag	110 000	100 000	117 467	-17 467	17,5 %	102 589	14,5 %
Oppdrag	7 000	5 000	6 247	-1 247	24,9 %	6 555	-4,7 %
<b>Sum</b>	<b>397 000</b>	<b>385 000</b>	<b>408 872</b>	<b>-23 872</b>	<b>6,2 %</b>	<b>388 425</b>	<b>5,3 %</b>
<b>Saldo overført frå forrige år</b>							
Norges forskingsråd	7 254	7 254	7 254	0	0,0 %	4 408	64,6 %
EU	-26 201	-26 201	-26 201	0	0,0 %	-25 998	0,8 %
Andre bidrag	-41 350	-41 350	-41 350	0	0,0 %	-39 036	5,9 %
Oppdrag	-5 442	-5 442	-5 442	0	0,0 %	-7 078	-23,1 %
<b>Sum</b>	<b>-65 739</b>	<b>-65 739</b>	<b>-65 739</b>	<b>0</b>	<b>0,0 %</b>	<b>-67 704</b>	<b>-2,9 %</b>
<b>Saldo overført til neste periode</b>							
Norges forskingsråd	2 746	-7 254	3 819	-11 074	-152,6 %	-7 256	-152,6 %
EU	16 201	16 201	2 823	13 378	-82,6 %	26 201	-89,2 %
Andre bidrag	36 350	26 350	56 188	-29 838	113,2 %	41 321	36,0 %
Oppdrag	5 442	5 442	6 824	-1 382	25,4 %	5 442	25,4 %
<b>Sum</b>	<b>60 739</b>	<b>40 739</b>	<b>69 655</b>	<b>-28 916</b>	<b>71,0 %</b>	<b>65 708</b>	<b>6,0 %</b>
<b>Sum</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>		<b>0</b>	

Samla sett hadde fakultetet budsjettmål om bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet (BOA) på 385 millionar kroner i 2017, og innbetalingar frå BOA på 360 millionar kroner. Desse målsetjingane vart utarbeida av institutta i juli 2016, medan det framleis var stor usikkerheit knytt til kor mange nye prosjekt fakultetet kom til å få tilslag på hausten 2016 og i 2017. Fakultetet har difor styrt etter prognosar som utover året er justert opp fleire gonger innan for både aktivitet og innbetalingar.

Rekneskapen viser at samla aktivitet vart 408,9 mill.kr, 23,8 mill.kr høgre enn målsetting og 11,9 mill.kr høgre enn prognose. Innbetalingane vart 412,8 mill.kr, 52,8 mill.kr høgre enn målsetting og 20,8 mill.kr høgre enn prognose.

Frå 2016 har det vore ein reduksjon på 2,1 % i NFR-bidragsaktivitet (-4,7 mill.kr). Størst reduksjon har det vore ved Kjemisk institutt og dette skuldast NMR-investering i 2016. Innbetaling ved NFR har auka med 4,1 % (9,2 mill.kr), og overføringane ved NFR-bidragsaktivitet har snudd frå negativ overføring på 7,3 mill.kr til positiv overføring på 3,8 mill.kr.

EU-bidragsaktiviteten har auka for kvart år i perioden 2010-2017, og aktiviteten har i 2017 vore rundt 11 millionar kroner høgre enn i 2016. Frå 2016 til 2017 er det Institutt for biologi, Geofysisk institutt og Institutt for fysikk og teknologi som har hatt støst auke i aktivitet. EU-innbetalingane er redusert med nær 13 mill.kr frå 2016. Størst reduksjon har det vore ved Institutt for biologi, men òg Institutt for geovitskap og Kjemisk institutt har hatt relativt stor reduksjon i innbetalingane. Reduksjonen i innbetalingar har medført at overføringane innan EU er redusert frå 26,2 mill.kr til 2,8 mill.kr.


Etter reduksjon i annan bidragsaktivitet i 2016 har det i 2017 vore auke i denne aktiviteten på 14,5 % eller nær 15 mill.kr. Det er Institutt for informatikk og Kjemisk institutt som har hatt størst auke i annan bidragsaktivitet, men òg Institutt for geovitskap har hatt auke frå 2016. Innbetalingane auka med 26,2 % (27,4 mill.kr), og auken er fordelt på fleire av institutta. Overføringane innan annan bidragsaktivitet er òg auka og er no på 56,2 mill.kr.

Oppdragsaktiviteten er relativt låg ved fakultetet og er omtrent på same nivå i 2017 som i 2016. Rundt halvparten av aktiviteten er på Institutt for biologi, men òg Kjemisk institutt og Institutt for geovitskap har aktivitet på over 1 mill.kr kvar. Innbetalingane har auka med 2,7 mill.kr, og overføringane er auka med 1,4 mill.kr.

Tabell 5 BOA-aktivitet per institutt 2017 (tal i 1000 kr)

Finansieringskilde	MN-felles	MI	II	IFT	KI	MBI	GFI	GEO	BIO	GEOBIO	SKD	Samla
1. Oppdragsaktivitet	0	0	19	5	1 456	182	551	1 083	2 951	0	0	6 247
2. NFR - bidragsaktivitet	17	14 128	32 637	36 269	12 168	8 890	35 254	40 034	42 086	3 399	131	225 013
3. EU - bidragsaktivitet	100	396	4 467	10 761	1 429	0	11 213	14 606	17 173	0	0	60 145
4. Annen bidragsaktivitet	4 948	5 400	13 185	8 173	11 160	4 724	8 408	43 770	17 700	0	0	117 467
<b>Sum</b>	<b>5 065</b>	<b>19 924</b>	<b>50 308</b>	<b>55 208</b>	<b>26 213</b>	<b>13 796</b>	<b>55 426</b>	<b>99 492</b>	<b>79 910</b>	<b>3 399</b>	<b>131</b>	<b>408 872</b>
Prosent av samla BOA	1,2 %	4,9 %	12,3 %	13,5 %	6,4 %	3,4 %	13,6 %	24,3 %	19,5 %	0,8 %	0,0 %	100,0 %

Figur 6 BOA-aktivitet per institutt per november 2017 (tal i 1000 kr)



Tabell 5 og Figur 6 viser BOA-aktivitet per institutt i 2017. Samla aktivitet og Anna bidragsaktivitet har vore størst ved Institutt for geovitskap, medan EU-bidragsaktivitet, NFR-bidragsaktivitet og oppdragsaktivitet har vore størst ved Institutt for biologi. Tabell 5 viser i tillegg fordelinga av BOA mellom institutta.

### 3.1 Kommenterar BOA per institutt

Nedanfor fylgjer korte kommenterar knytt til BOA per institutt.

#### Matematisk institutt (MI)

Matematisk Institutt hadde budsjettetert med ein sterk vekst på BOA, men resultatet blei 11,8 % lågare enn budsjettet. Veksten frå 2016 er på 25,4 % og er fordelt på alle finansieringskjeldene med unntak av Oppdragsaktivitet, som instituttet ikkje har. NFR er hovudfinansieringskjelde, etterfølgd av Annan bidragsaktivitet og deretter EU. Inntektene frå BOA til GB er 24,4 % lågare i 2017 enn den var i 2016, og differansen skuldast lågare frikjøp i 2017.

#### Institutt for informatikk (II)

Institutt for informatikk har hatt ein dobling i BOA frå 2015 til 2017, og hadde i 2017 BOA på 50,3 mill.kr. Størst har auken vore på NFR og Annan bidragsaktivitet.

#### Institutt for fysikk og teknologi (IFT)

Instituttet er ikkje fornøyd med tilslag på BOA-prosjekt i 2017. Det er kun komme eitt nytt NFR-prosjekt, og instituttet hadde rekna med at det kom fleire. Instituttet har imidlertid gjort strategiske tiltak, og tilset mellom anna ein forskingskoordinator saman med Kjemisk institutt. Instituttet håpar at dette på sikt kan auke BOA. Når det gjelder Annan bidragsaktivitet, så har nedgangen i oljebransjen mykje av forklaringa til IFT sin nedgang. For framtida har instituttet som mål å satse meir på fornybar energi.

#### Kjemisk institutt (KI)

Det er lite avvik i budsjett og regnskap for 2017, men ein større nedgang frå 2016 skuldast at oppstartmidlar til NNP ble regnskapsført i 2016. Kjemisk institutt er i gang med å ta strategiske grep for å auke BOA. I løpet av våren tilset instituttet ein forskingskoordinator i samarbeid med IFT.

### **Molekylærbiologisk institutt (MBI)**

Molekylærbiologisk institutt har ein samla BOA i 2017 på 13,8 mill.kr. Tilsvarende tal for 2016 er 14,2 mill.kr. Det har likevel vore ein reell oppgang i aktivitet, då det er eit teknisk avvik i rekneskapet på i underkant av 2 mill.kr i forhold til eit NFR-prosjekt. Størsteparten av aktiviteten i 2017 er opp mot NFR, men instituttet har òg inntekt frå mellom anna Kreftforeningen og BFS. Instituttet hadde ingen EU-aktivitet i 2017.

### **Geofysisk institutt (GFI)**

Geofysisk institutt har hatt BOA på 55,4 mill.kr i 2017. Størst aktivitet har det vore ved NFR, men instituttet har òg høg EU-aktivitet.

### **Institutt for geovitskap (GEO)**

Institutt for geovitskap budsjetterte med ein vekst på BOA, og det har det vore i 2017. Oppdragsaktivitet, NFR-bidragsaktivitet og Annen Bidragsaktivitet aukar, medan EU-aktivitet er redusert. Inntektene frå BOA til GB har auka med 24,2 % frå 2016, og er òg betre enn budsjettert. Det er særlig kostnadsartane knytt til overhead som aukar, noko som både kan forklarast av høgare prosjektaktivitet, og av at fleire prosjekt nyttar ny berekning for inntekts- og kostnadsoverhead.

### **Institutt for biologi (BIO)**

Institutt for biologi har ein samla BOA i 2017 på 79,9 mill.kr. I overkant av 50 % er NFR-midlar, men instituttet har òg 17,2 mill.kr i EU-aktivitet, noko som svarar til i overkant av 20 % av BOA på instituttet. EU-aktiviteten har gått opp med i underkant av 5 mill.kr frå 2016. Total BOA har gått ned med ca. 13 mill.kr frå 2016, men dette skuldast i stor grad at instituttet i 2016 bygde opp en ekstraordinær infrastruktur på Mongstad, med midlar frå NFR og andre bidrag. Dette beløp seg til 12 mill.kr.

## **4. Fakultet 19 – Senter for klimadynamikk (SKD)**

Inntektene til SKD vert stilt til disposisjon på ein sentral stadkode (191000), samtidig som alle detaljane i SKD sitt rekneskap vert ført på ein stadkode som ligg under fakultetet (129000). Kvar tertial vert kostnadane som er ført under fakultetet overført til den sentrale stadkoden på internartar. Eit eventuelt over- eller underforbruk vert dermed ikkje synleg i fakultetet sitt rekneskap, men avvik innanfor ulike kostnadskategoriar vil vere det.

Senter for klimadynamikk budsjetterte i utgangspunktet med ei overføring på 2 mill.kr, men etter ei budsjettendring endra dette seg til ca. 1 mill.kr i meirforbruk. Basert på tidlegare års erfaring meldte likevel SKD at dei kom til å hente inn mykje av det budsjetterte meirforbruket og hadde ein prognose på 0,2 mill.kr i meirforbruk. Resultatet enda på 0,6 mill.kr i underforbruk.

## 5. Vedlegg

### 5.1 Definisjonar og forklaringar

Grunntildelinga (GB) er den aktiviteten som er finansiert av Kunnskapsdepartementet (KD) sitt statstilskot, òg kalla statsoppdraget.

GB er delt inn i motpart 00 og 81:

- På motpart 00 vert dei ordinære driftsinntektene og driftskostnadane rekneskapsført. Føringane her har realøkonomiske konsekvensar for fakultetet, og midlane er delt i annuumsmidlar som kan disponerast fritt og midlar til øyremerkta tiltak som er tildelt spesielle føremål (t.d. universitetsstipendiatar og utstyr). I tillegg vert andre inntekter, som ikkje gjeld bidrags- og oppdragsforskning (som leigeinntekter, refusjonar og liknande), ført her.
- På motpart 81 vert avskrivningane ved fakultetet rekneskapsført. Her visast fakultetet sine totale investeringar og avskrivningar, og det vert synleggjort om fakultetet investerer tilstrekkeleg til å oppretthalde verdien av fakultetet sin utstyrspark. Dersom avskrivningane er høgare enn investeringane kan det vere nødvendig å setje i verk tiltak for å oppretthalde verdien på utstyrsparken. Føringane på motpart 81 får ikkje realøkonomiske konsekvensar, dvs. dei påverkar ikkje fakultetet sitt driftsresultat.

I tillegg til inntekter frå GB utgjer inntekter frå eksterne bidrags- og oppdragsytarar ein viktig del av fakultetet si samla omsetning. Denne verksemda er delt i aktivitetar finansiert av Noregs forskingsråd (NFR), EU, andre bidragsytarar og oppdragsgivarar. Denne aktiviteten omfattar prosjekt der aktiviteten føregår ved Universitetet i Bergen.

### 5.2 Overføringer pr. institutt frå 2011 fram til 2018 (tal i 1000 kr)

Avdeling	Overføring frå 2011 til 2012	Overføring frå 2012 til 2013	Overføring frå 2013 til 2014	Overføring frå 2014 til 2015 -før justering-	Overføring frå 2014 til 2015 -etter justering-	Overføring frå 2015 til 2016	Overføring frå 2016 til 2017	Overføring frå 2017 til 2018
1200 MN-felles, inkl. fak.adm. og NIFES	-4 812	-5 216	-7 256	8 730	8 730	4 550	13 256	4 912
1211 Matematisk institutt	-1 212	-1	-194	1 272	449	-530	-1 575	-1 080
1212 Institutt for informatikk inkl. CBU	-3 637	-6 170	-7 212	-11 634	-10 634	-9 973	-11 720	-11 229
1224 Institutt for fysikk og teknologi	-618	-109	-3 338	-7 068	-6 068	-8 384	-12 895	-16 519
1231 Kjemisk institutt inkl. CIPR-UIB	-1 173	-735	1 137	2 923	1 970	2 940	1 687	376
1232 Molekylærbiologisk institutt	-23	227	-1 863	-1 508	-2 052	3 216	3 874	5 836
1244 Geofysisk institutt inkl. Bjerknes-UIB	-5 025	-6 287	-8 362	-6 844	-5 844	532	-942	-7 290
1250 Institutt for geovitenskap	2 068	67	1 633	-1 396	-2 637	-1 124	2 793	-766
1260 Institutt for biologi	3 971	-1 360	-1 187	-844	-2 713	-3 854	-10 466	-10 238
1280 Senter for geobiologi	-261	-2 318	-1 685	460	460	2 610	3 280	2
1290 Senter for klimadynamikk	-8 387	153	153	84	84	458	387	158
	<b>-19 108</b>	<b>-21 749</b>	<b>-28 174</b>	<b>-15 825</b>	<b>-18 255</b>	<b>-9 559</b>	<b>-12 321</b>	<b>-35 838</b>

Inntekt med minus framfor beløpet

### 5.3 Overføring til 2018, spesifisert etter prosjekt (tal i 1000 kr)

Sted	Prosjekt	Overføring pr prosjekt	Total overføring
MN-felles	000000 Uspesifisert	18 977	
	700028 Likestillingsarbeid	637	
	700112 Hovedtillitsvalgte	-308	
	700117 Etter- og videreutdanning	-1	
	700267 Teknovest	1	
	700286 Bergen Science City	-1 067	
	700305 Dypvannsforskning	-1 500	
	700306 Insentivmidler gjennomstrømming og studiekvalitet	73	
	700910 Egenfinansiering BOA	1	
	710005 Strategisk satsning	1	
	710006 Studiekvalitetstiltak	-66	
	710022 Internasjonalisering	1	
	710028 Små driftsmidler bevilget f.o.m 2011	1	
	720006 Rekrutteringsstillinger	-10 677	
	720009 Vit.utstyr/forskn.fond	-142	
	720010 Undervisningsreformen	-292	
760037 Norsk marint universitetskonsortium (NMU)	-727	<b>4 912</b>	
Matematisk institutt	000000 Uspesifisert	-1 394	
	700028 Likestillingsarbeid	-205	
	700117 Etter- og videreutdanning	-576	
	700910 Egenfinansiering BOA	1 076	
	710006 Studiekvalitetstiltak	-60	
	710028 Små driftsmidler bevilget f.o.m 2011	79	<b>-1 080</b>
Institutt for informatikk	000000 Uspesifisert	-3 558	
	700028 Likestillingsarbeid	-75	
	700910 Egenfinansiering BOA	-2 277	
Computational Biology Unit / CBU	000000 Uspesifisert	-5 320	<b>-11 229</b>
Institutt for fysikk og teknologi	000000 Uspesifisert	-5 156	
	700028 Likestillingsarbeid	-68	
	700900 Saldering bidragsprosjekter	-1	
	700910 Egenfinansiering BOA	-9 403	
	710022 Internasjonalisering	-148	
	720009 Vit.utstyr/forskn.fond	-1 744	<b>-16 519</b>
Kjemisk institutt	000000 Uspesifisert	744	
	700028 Likestillingsarbeid	-283	
	700900 Saldering bidragsprosjekter	-11	
	700910 Egenfinansiering BOA	103	
	710006 Studiekvalitetstiltak	-140	
	710020 Forskerinitierte prosjekter	-38	
	710022 Internasjonalisering	-16	
	720009 Vit.utstyr/forskn.fond	17	<b>376</b>
Molekylærbiologisk institutt	000000 Uspesifisert	3 030	
	700028 Likestillingsarbeid	-331	
	700910 Egenfinansiering BOA	3 168	
	710022 Internasjonalisering	-8	
	710028 Små driftsmidler bevilget f.o.m 2011	-20	
	720009 Vit.utstyr/forskn.fond	-2	<b>5 836</b>
Geofysisk institutt	000000 Uspesifisert	-2 230	
	700028 Likestillingsarbeid	-95	
	700910 Egenfinansiering BOA	-4 335	
	710022 Internasjonalisering	-100	
	710030 Polarsatsing	-131	
	720009 Vit.utstyr/forskn.fond	-408	
	749956 Gjesteboliger	9	<b>-7 290</b>
	Institutt for geovitenskap	000000 Uspesifisert	4 627
700028 Likestillingsarbeid		-252	
700910 Egenfinansiering BOA		-3 809	
710022 Internasjonalisering		-97	
720009 Vit.utstyr/forskn.fond		-1 235	<b>-766</b>
Institutt for biologi		000000 Uspesifisert	-1 577
	700028 Likestillingsarbeid	15	
	700910 Egenfinansiering BOA	-1 014	
	710022 Internasjonalisering	-217	
	710028 Små driftsmidler bevilget f.o.m 2011	597	
	720009 Vit.utstyr/forskn.fond	-2 012	
	720085 SFU (Senter for fremdragende utdanning)	-6 030	<b>-10 238</b>
	Senter for geobiologi	000000 Uspesifisert	-905
700910 Egenfinansiering BOA		907	<b>2</b>
Senter for klimadynamikk	000000 Uspesifisert	158	<b>158</b>
<b>Totalt</b>			<b>-35 838</b>

Inntekt med minus framfor beløpet